



DEN NORSKE KYRKJA  
Dovre kyrkjelege råd

## MØTEBOK – DOVRE KYRKJELEGE RÅD

Møtedato	Møtestad
tysdag 5. mars 2019 kl. 19.00 – kl.	Klukkarhaugen

### TIL STADES PÅ MØTET

Dovre sokn: Guri Ruste, Helle Hundevadt, Hans Hovde, Tove Jenny Qvan.  
Dombås sokn: Steinar Botheim, Stina Cecilie Storhaug Løkken, Martin Berg, Anne Lise Raatrø Pettersen.  
Prest: Birgitte Bentzrød.  
Kommunerepr.: Knut Nytun.

Med tale- og forslagsrett: Kyrkjeverge Elin Marit Andgard, Randi Brennhaug.

### SAKER TIL HANDSAMING

SAK 07/19 ÅRSREGNSKAP 2018  
SAK 08/18/19 ÅRSMELDING 2018  
SAK 09/19 LJOSGLOBE I DOVRE KYRKJE  
SAK 10/19 VALG AV LEIAR OG NESTLEIAR  
SAK 11/18/19 REFERAT OG ORIENTERINGER

### UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med underskrifta vår at det som er ført på saksnummer 7-11/19 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.

*Stina Løkken*  
*Ann-Wa Pettersen*  
*Tove F. Qvan*  
*Hans Ingvale Hovde*  
*Helle Hundevadt*  
*Guri Ruste*

*Birgitte Bentzrød*  
*Knut Nytun*  
*Randi Brennhaug*  
*Martin Berg*  
*Steinar Botheim*

**Innkalling/sakspapir:** Utsendt 22.2.2019/27.2.2019.

**Hovedutskrift:** Dovre kommune v/ formannskapet og rådmannen, Prost i Nord-Gudbrandsdal, arbeidstakere i administrasjonsutvalget, revisor.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	5. mars 2019	133	2018/1

## **SAK 07/19 ÅRSREGNSKAP 2018**

### **Saksopplysningar:**

#### Vedlegg:

- Årsregnskap 2018; drift, investering og balanse.

Årsregnskap skal handsamast i samsvar med forskrift om økonomiforvaltningen for kirkelige fellesråd og menighetsråd og økonomireglement for DKR. Årsregnskapet og årsrapporten skal fastsettest av rådet og leggest fram for revisor innan 1. mars.

Budsjett og regnskap skal følge forskrift om økonomiforvaltningen for kyrkjelege fellesråd, fastsatt av Kultur- og kirke departementet.

Regnskapet er delt i tre deler: Driftsregnskap, investeringsregnskap og balanse. I tillegg til regnskap 2018, er regnskap 2017, Budsjett-2018 og Budsjett (endeleg)-2018 med. Budsjettregulering som vedtak i sak 46/2017, og i samsvar med økonomireglement og delegasjon til dagleg leiar.

Driftsregnskapet har fire funksjoner: Kyrkjelege administrasjon, kyrkjer, kyrkjegarder og anna kyrkjelege verksemd. Funksjonene kan vidare splittast i ansvar. Kontoplanen har obligatorisk artsinndeling, og denne kan byggast ut.

Sjå årsmeldinga for oppsummering pr. funksjon og ansvar.

Driftsinntektene var kr 5.799.413 (inkl. renter) og driftsutgiftene kr 5.479.466, slik at netto driftsresultat vart kr 319.947. Kommunalt driftstilskudd utgjør kr 3.340.000 samt kalkulatoriske inntekter/utgifter på kr 120.000 i samsvar med tenesteytingsavtale mellom kommunen og kyrkja (føring av regnskap og lønn, kontor/lokaler).

Etter disponering av mindreforbruk frå 2017 (kr 66.360), netto avsetning til fond (kr 65.618), overføring til investeringsregnskapet (kr 85.578) og netto bruk av driftsfond (kr 85.000), er driftsregnskapet avslutta med eit mindreforbruk (regnskapsmessig overskudd) på kr 253.750.

Forhold som har medverka til årets overskudd:

- Tilbakeført overskudd KLP (kr 115.000)
- Vakans i kyrkjetenarstilling (kr 182.000)
- Sjukefravær (kr 46.000)

Investeringsregnskapet består av nytt orgel Dombås (brutto kr 2.389.626), renovering Dombås kyrkje (brutto kr 11.245), varmeanlegg Dombås (brutto kr 38.005) samt egenkapitalinnskudd i KLP (kr 13.169). Investeringene er finansiert av orgelfondet og fra driftsregnskapet. Investeringsregnskapet er avslutta i balanse.

#### Generelle forklaringer til enkeltpostar i regnskapet:

- Art 30580 (Diverse trekkpliktige godtgjørelser) er ny fra 2016. Dette er ein viss andel av køyregodtgjering (skattepliktig del) og mobilbeskatning.

- Art 37700 (Refusjon fra andre) på ansvar 31100 (diverse fellesutgifter/inntekter) skuldes mobilskatt (ansatte får påplussa inntekt ca 4.400 kr årleg som blir skattlagt. Påslaget må regnskapsførast attandeført på annan post enn art 30100 (fast lønn).
- Festeavgift blir periodisert (1/5 pr. år).
- Stell av graver momsbelagt f.o.m. 2016.
- Interne overføring frå pilegrimsarbeid (ansvar 34400) og trusopplæring (ansvar 34110) under funksjon 04400 (anna kyrkjelege verksemd) og til funksjon 04100 (fellesrådets administrasjon) og 04200 (kyrkjer) er ressursbruk av sekretær, kontor og kyrkjetenere på dei to områda.
- Administrativ ressursbruk (leiing, lønn, regnskap) er ikkje fordelt frå funksjon 04100 (administrasjon) til dei øvrige funksjonane. Eindel av kyrkjeverjestillinga burde vore regnskapsført på funksjon 04300 (kyrkjegardar), både for å synleggjere kostnaden og fordi det har betydning for kommunalt tilskudd til andre trussamfunn.
- Interne overføringer mellom ansvar 34180 (konfirmantundervisning) og ansvar 34180 (konfirmantarbeid i prostiet) er rådets støtte til konfirmantleir.
- Avsetningar til fond og overføring til investeringsregnskapet i samsvar med vedtak i sak 11/18 (årsregnskap 2017) og sak 46/18 (budsjettregulering 2018). Gåver og offer er avsatt til bundne fond i samsvar med gåvas formål dersom ikkje gåve er brukt inneværande år.

### **Innstilling:**

Rådet fastset det framlagte regnskapet som rådets regnskap for regnskapsåret 2018. Regnskapsmessig mindreforbruk (overskudd) kr 253.750 blir sett av til disposisjonsfondet.

### **Vedtak:**

Innstilling er samrøystes vedtatt.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	5. mars 2019	046	2012/2

### **SAK 08/19 ÅRSMELDING 2018**

#### **Saksopplysningar:**

##### Vedlegg:

- Årsmelding 2018.

### **Innstilling:**

Rådet fastsetter det framlagte forslaget som årsmelding 2018 for Dovre kyrkjelege råd.

## Vedtak:

Innstilling er samrøystes vedtatt.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	5. mars 2019	413	2011/12

## SAK 09/19 LJOSTENNINGSTAD I DOVRE KYRKJE

### Saksopplysningar:

Saken om å skaffe ljostenningsstad i Dovre kyrkje var første gong tatt opp i DKR 20. september 2016. Bakgrunnen var at ljosgloba som var i bruk i Dovre kyrkje var kjøpt inn og godkjent for bruk i Eysteinkyrkja.

### Oversikt over prosessen med vedtak som er gjort:

#### Sak 32/16, 20. september 2016

Vedtak: DKR ynskjer å skaffe eit nytt fast ljostenningssted til Dovre kyrkje. Arbeidsgruppe med Guri Ruste, kyrkjeverje og kyrkjetenar får mandat til å utgreie tiltaket. Eit alternativ er å be smedane på Hjerleid komme med forslag til ljostenningsstad som høver i Dovrekyrkja.

#### Mail 5.1. 2017 til Hjerleid

Forespørsel om skisser for ljostenningstad, med kriterier: Passe i kyrkjas stil og interiør, brannsikkert materiale, minst mogleg plasskrevjande, enkel å flytte, plass til minst 24 ljøs.

Skisse behandla i sak 05/17.

#### Sak 5/17, 21. februar 2017

Vedtak: Dovre kyrkjelege råd syns det framlagte forslaget frå Hjerleid er interessant, og ynskjer å få utgreia fylgjande før endeleg vedtak:

- Kors i messing i staden for kobber (messing i altarljosestaker m.m.)
- Vekt m.t.p. flytting
- Plass til Kristusljøs
- Avstand mellom ringer og høgdeforskjell pga. varme
- Grannare ljøs
- Utforming; 2 ringer som går meir i eitt, kan øvste ring(er) vere lause, oval form, vidare ringer (må vurderast mot plass i midtgangen)

Hjerleid reviderte teikningene med breiare ringer, flyttbare ljøsholdere, Kristusljøshaldar, forgylla kors. Diameter 75 cm. Pris 25.500 + mva.

#### Sak 10/17, 2. mai 2017

Vedtak: DKR ber Henry Ruste og Kjell Nystuen å sjå på teikningene. Saken for øvrig utsatt.

Sak 18/17, 13. juni 2017  
Vedtak: Saka blir utsett.

Sak 22/18, 3. april 2018


Vedtak: Dovre kyrkjelege råd ber Hjerleid Håndverkskule utforme ny teikning til ljosglobe i Dovre kyrkje. Rådet ynskjer at nedre del av Benjamin si teikning blir kombinert med øvre del av globe i Vågå kyrkje. Globa skal ha juletreljøs. Kyrkjeverge, kyrkjetenar, nestleiar og leiar får fullmakt til å forhandle med Hjerleid. Vedtaket var samrøystes.

Arbeid april-18 – februar-19:

- Plan om felles møte mellom arbeidsgruppe og smeden i april lukkast ikkje.
- Mail 31. august 2018 til Hjerleid der DKR ber om attandemelding på status i saken.
- Hjerleid meldte attande at pga. sjukdom i familien hadde ikkje smeden fått laga skisse innan utgangen av oktober som det var bedt om.
- Mail frå kyrkjeverge 11. januar 2019 som ber Hjerleid Håndverksskule levere revidert teikning innan 20. februar 2019 og som samsvarer med tidlegare vedtak.
- Ny skisse frå Benjamin Kjellman-Chapin mottatt 20. februar 2019.

### Alternative ljosglober og vurdering:

Teikninga fra Hjerleid likner mykja på ljosglober som andre leverer. Dette er ljosglober som er testa ut i forhold til funksjonalitet og bruk.



<b>Hjerleid</b> Plass til 18 ljøs i to rekker. Diameter 75 cm Høgde 165 cm Pris: som forrige tilbud, 25.500 + mva. Produksjon av Benjamin med elever og lærlinger i løpet av hausten.	<b>Tveits smie</b> 24 ljøsholdere. Kan utvidast med lause haldare som vender innover, 100 pr. stk. Høgde 150 cm Diameter 75 cm Leveringstid ca 4 veker. Pris 11.670 inkl. mva Kasse til ljøs 4.986 kr inkl. mva.	<b>Savile Row</b> I smijern, 16-60 ljøs  Antall ljøs:høgde, diameter, pris inkl. mva 24: 155 cm, 76 cm, 17.500 30: 170 cm, 88 cm, 18.750  Ring til dåpsljøs: 313 kr Kasse til ljøs 5.500 kr inkl. mva.
---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

**Innstilling:**

Ut frå pris og leveringstid, bestiller DKR ljosglobe fra Tveits smie. Innkjøpet vert finansiert av Dovre kyrkjefond.

**Møtets behandling:**

Helle Hundevadt erklærte seg inhabil.

**Vedtak:**

Innstilling samrøystes vedtatt.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	5. mars 2019	002	2006/03

**SAK 10/19 VALG AV LEIAR OG NESTLEIAR****Saksopplysningar:**

Leiar og nestleiar vert valgt kvart år, jamfør Kyrkjelova og Reglar om formene for verksemda til soknerådet og kyrkjelege fellesråd» § 1 punkt 3: «Soknerådet /kyrkjeleg fellesråd vel leiar og nestleiar mellom rådsmedlemmene i det konstituerande møtet og deretter kvart år. Valet vert gjort skriftleg. Den som har vore leiar eitt år, kan verte friteken fra val for det følgjande året.»

**Innstilling:**

Saka blir lagt fram utan innstilling.

**Vedtak:**

Guri Ruste vart valgt til leiar og Steinar Botheim vart valgt til nestleiar, mot ei stemme.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	5. mars 2019		

## **SAK 11/19 REFERAT OG ORIENTERINGER**

### **Saksopplysningar:**

- **Protokoll frå Dovre kyrkjelege råd 29. januar 2019 og 11. februar 2019.**
- **Møtereferat**
  - Felles møte diakoniutvalgene i Lesja og Dovre 6. februar
  - Jubiluemskomite 4. mars
- **Orienteringer**
  - Presteintervju 7. februar
  - Nominasjonsmøte 4. mars i NG prosti til lek Hamar bispedømmeråd
  - Konsert med medarbeiderkveld 4. mai Dombås
  - Dovre kommunestyresak om DKRs søknad om støtte til ekstra ordinære tiltak
- **Post:**
  - Hamar bispedømmeråd: Endring av soknegrenser
  - Hamar bispedømmeråd: Tilsetting sokneprest. Elisabeth Torp er tilsatt og tiltrer 1.9.
  - Hamar bispedømmeråd: Valgkurs torsdag 28. mars Otta
  - Hamar bispedømmeråd: Invitasjon til møte om pilegrim i Gudbrandsdalen 8. april
  - Kirkens Sos: Årsmøte 28. mars på Moelv.
  - Aud Reidun Bøe Øien: Søknad om å fritak fra nominasjonskomiteen.
  - Redd Barna: Takk for offer.
  - Aslaug Vorkinslien: Takk for helsing.
  - Synnøve Toven: Takk.

### **Innstilling:**

Protokollen frå rådsmøtet 29.1.2019 og 11.2.2019 godkjent. Torbjørn Olav Elvestad erstatter Aud Reidun Bøe Øien som medlem i nominasjonskomiteen for Dovre. Øvrige orienteringer tatt til etterretning.

### **Vedtak:**

Innstilling samrøystes vedtatt.